



Utv. saksnr.	Utval	Møtedato
22/2022	Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning	31.08.2022

Forslag til forskriftsendring - endring av minsteareal i daa for elg og hjort

Saksframlegg:

Minsteareal blir nytta av kommunen for å regulere talet på fellingsløyve som blir gitt for elg, hjort og rådyr. For at kommunen skal kunne tildele eit vald eit fellingsløyve må det aktuelle valdet ha eit teljande areal tilsvarende minstearealet for arten. For elg, hjort og rådyr blir minstearealet fastsett av kommunen gjennom forskrift. Vågå kommune har ein eigen forskrift som vart vedteken 27.10.2015. Før den tid var det ein felles forskrift for store delar av Oppland som var vedteke i 2001. Nedanfor er gjeldande forskrift som viser at Vågå kommune er inndelt i to bestandsplanområde for hjortevilt:

§ 2. Minstearealet for godkjenning av vald og fellingsløyve er som oppgitt i tabellen:

Heile eller delar av kommunen	Elg: Minsteareal i dekar	Hjort: Minsteareal i dekar	Rådyr: Minsteareal i dekar
Vågå nord for Otta elv	4000	3000	2000
Vågå sør for Otta elv	6000	6000	3000

I tillegg administrerer Vågå kommune to jaktfelt (Åsen og Horgen) som ligg i Sel kommune. Lom kommune administrerer jaktfelten Skårvangen og Nordherad som ligg innanfor Skaihø viltområde for Vågå kommune. Årsaka til dette er at jaktfelten i Sel kommune naturleg soknar til Vågå kommune og jaktfelten i Vågå kommune soknar naturleg til Lom kommune.

Det er kommunen som fastsett minsteareal for elg, hjort og rådyr. Forslag om endring av minsteareal skal fremmest innan 1. mars og skal fastsettast av kommunen innan 15. april. Endring av minsteareal innanfor Vågå kommune vil difor vere gjeldande for jaktsesongen 2023.

Det er viltansvarleg i kommunen og valdansvarlege for Vågå sør og Vågå/Sel nord som har kome med innspel til at forskriften må endrast. Innanfor Vågå kommune er det to storvald. Vågå/Sel nord og Vågå sør. Dei har bestandsplanar som er gjeldande til og med 2022. Det er difor naturleg å revidere forskriften slik at ho er endra til kommunen skal behandle og vedta nye bestandsplanar. Ein bestandsplan blir vanlegvis godkjend for mellom 3-5 år.

Dei siste åra har det vore godkjend bestandsplanar som har avvike frå minstearealet. Jamfør forskrift om forvaltning av hjortevilt § 9, kan kommunen ved tildeling av fellingsløyve fråvike minstearealet for jakt på elg, hjort og rådyr med inntil 50 %. Det er denne 50 % regelen som har vore nytta når Vågå kommune har godkjend bestandsplanar dei siste åra. Ettersom 50 % regelen berre skal nyttast som eit unnatak og ikkje som ein regel, ser kommunedirektøren at det er behov for å revidere forskrifta som fastsett minsteareal.

Innanfor Vågå/Sel nord har det i bestandsplanen for 2019-2022 vore sett minsteareal på 2639 daa/fellingsrett for elg. Innanfor Vågå sør har det i bestandsplanen for 2020-2022 vore sett minsteareal på 4685 daa/fellingsrett for elg. I forskrifta er minsteralet for elg sett til 4000 innanfor Vågå nord og 6000 innanfor Vågå sør. 50% regelen har difor vore nytta. Valda skal fornye bestandsplanane i 2022 og det er difor behov for å endra forskrifta som fastsett minsteareal. Da forskrifta vart vedteke i 2015 var det berre minsteareal for hjort som vart endra. Det inneber at minsteareal for elg har vore uendra sidan forskrifta vart vedteke i 2001. Det har på 21 år vore ein veksande elgbestand og det er difor behov for å endre forskrifta.

Når det gjeld hjort så var det minsteareal for hjort som vart endra i 2015. Innanfor Vågå sør er det i gjeldande bestandsplan sett minsteareal på 6 278 daa/fellingsrett/hjort. Innanfor Vågå/Sel nord er det i gjeldande bestandsplan sett minsteareal på 3000 daa/fellingsrett for hjort. Begge valda held seg difor akkurat innanfor vedteke forskrift og 50 % regelen har difor ikkje vore nytta. Ettersom bestanden av hjort har auka så mykje så vil uttaket av hjort truleg måtte aukast, og det er difor naturleg at minstearealet for hjort også blir endra når ein startar arbeidet med å revidere forskrifta.

Når det gjeld rådyr så er det i praksis kvotefri jakt og det er ikkje behov for å endre minstearealet.

Vurdering:

Vågå kommune kan ved *forskrift om forvaltning av hjortevilt* fastsette minsteareal for elg, hjort og rådyr, jf. § 6:

§ 6. Fastsettelse av minsteareal for elg, hjort og rådyr

Kommunen fastsetter minsteareal for elg, hjort og/eller rådyr i forskrift. Det kan fastsettes ulikt minsteareal for ulike arter og for ulike deler av en kommune.

Forslag om endring av minsteareal fremmes innen 15. januar. En eventuell forskriftsendring fastsettes av kommunen innen 15. mars.

Viltlova § 18 lyder som følger:

§ 18. (grunnlaget for minsteareal)

Ved fastsettelse av minsteareal og fellingskvote skal det tas hensyn til bestandens størrelse, artens levevilkår i det enkelte distrikt og den skade vedkommende viltart volder.

Samstundes gjeld overordna viltlovas formål §1:


§ 1. (lovens formål)

Viltet og viltets leveområder skal forvaltes i samsvar med naturmangfoldloven og slik at naturens produktivitet og artsrikdom bevares.


Innenfor denne ramme kan viltproduksjonen høstes til gode for landbruksnæring og friluftsliv.

Rettleiar M-478 frå Miljødirektoratet Forskrift om forvaltning av hjortevilt – med kommentar er lagt til grunn for forslag av redusering av minsteareal.

Bestanden av hjortevilt verkar framleis å auke i kommunen etter fleire år med høg avskyting. Statistikk levert frå jegerane via sett-hjort skjema, samt statistikk over felte dyr, viser at Vågå kommune har ein stor bestand av elg og hjort.




Figur 1: Figur som viser felt elg frå 2008 og fram til og med 2021 innanfor Vågå kommune.



Figur 2. Figur som viser felt hjort frå 2008 og fram til og med 2021 innanfor Vågå kommune.

Innanfor Vågå sør har det vore aukande uttak av elg i dei seinare år. Totalt 134 felte dyr i perioden 2011-2013, 161 dyr i 2014-2016 og 183 dyr i perioden 2017-2019. Målet framover er generelt å ikkje la bestanden bli større enn i dag, og følgje opp med kvoter som dei tre siste åra, eventuelt med ein liten auke. Når det gjeld hjorten så har bestanden vore i vekst i fleire år, spesielt på fremre del av Heimfjellet. I dei seinare år ser det ut til at bestanden har stabilisert seg noko. Det er likevel lokale variasjonar frå år til år. I perioden 2011-2013 vart det felt totalt 80 dyr, i

2014-2016 101 dyr og 99 dyr i perioden 2016-2019. Målet er å oppretthalde avskytinga slik at bestanden ikkje aukar.




Figur 3. Felt elg innanfor Vågå sør




Figur 4. Felt hjort innanfor Vågå Sør.

Innanfor Vågå/Sel vart bestandsplanen for perioden 2015-2019 revidert eit år før tida fordi årleg uttak av elg var høgare enn det bestandsplanen opna for. I ny bestandsplane for 2019-2022 vart årleg uttak sett til 45 dyr fordi bestanden er i vekst og det er ein del beiteskadar på dyrka mark. Når det gjeld hjort så har bestanden vore i vekst i fleire år, men utbygging av Nedre Otta verka inn på trekket slik at avskyting gjekk ned i den perioden. Etter at utbyggingsperioden er over har hjorten igjen tatt i bruk gamle trekkvegar og årsleveområde og det er mykje hjort i området.



Figur 5. Felt elg innanfor Vågå/Sel nord



Figur 6: Felt hjort innanfor Vågå/Sel nord.

Som det kjem fram av statistikken så er det behov for å endra forskrifta. Det er store skilnader innanfor kommunen når det gjeld fordeling av hjort og elg, og kommunen er delt i to årsleveområde. Kommunedirektøren meiner at det framleis er fornuftig å dele kommunen i to område og fastsette ulikt minsteareal for Vågå nord for Otta elv og Vågå sør for Otta elv. Bestanden av elg er meir stabil innanfor Vågå sør enn innanfor Vågå Nord. Der har bestanden auka mykje frå 2008 og fram til i dag, noko felt elg viser.

FAUN Naturforvaltning gjennomførte ein felles beitetakst i Murudalsområdet for kommunane Vågå, Sel og Nord-Fron i 2016. Takst og tidlegare beitetakstar viser at delar av området det søker om er kraftig overbeita over lang tid. Taksten dreier seg i hovedsak om beiteskader på skog, primært av elg. Det blir i rapporten tilrådd at det bør takast ut trekkelg, som kvar vinter kjem til området fra områder lengre sør. Rapporten fra Faun Naturforvaltning seier mellom anna: «Vi anbefaler at elgstammen reduseres vesentlig, og til et nivå der uttaksprosenten for de kvantitatativt viktigste beiteplantene for elg (furu og bjørk) er betydelig under en uttaksprosent på 35%. Vi anbefaler at jaktinnsatsen

intensiveres for alle kommunene, og spesielt i Vågå der beitetrykket under årets takst var klart størst. I den grad det er mulig bør reduksjonen i elgbestanden rettes mot trekkelg. Målrettet bestandsplansamarbeid innenfor hele årsleveområdet til elgbestanden bør prioriteres høyt. Det synes likevel klart at den «stedegne» elgbestanden også bør reduseres noe for at beitetrykket og skogskadene skal avta, samtidig som en legger grunnlaget for et bærekraftig beitegrunnlag».

Bestandskondisjonen har historisk sett holdt seg på et høyt nivå i regionen. Den reduserte kalveproduksjonen de siste årene, uttrykt som kalv per ku og kalv per kalvku, bør imidlertid fremstå som et varselsignal om at bæreevnen til elgbestanden er oversteget. Vi tror at bestandskondisjonen vil avta ytterligere dersom det ikke tas forvaltningsmessige grep på et tidligst mulig stadium. Alle erfaringer fra andre områder tilsier at det er tidkrevende å reversere en negativ trend.

Det må i denne sammenhengen også sjåast på utviklinga av hjortestammen, da den har øket kraftig sidan 2016 og frem til i dag. Tette bestandar av hjort gjev auka konkurransen om mat og område, noko som gjev lettare og mindre bestandsdyktige dyr. Vågå kommune har ikkje hatt tradisjon for vårteljing av hjort på dyrka mark, men det vart våren 2022 telt som eit prøveår. Det vart ikkje nyttermisk kikkert ved teljing. Nedanfor er resultatet frå teljinga:

Vårteljing hjort 2022

Rettighetshavar	Telldato 2. mai	Telldato 9. mai	Telldato 23. mai
Lalm – Sel grense (Ottadal)	9	6	Ikkje telt
Reiregrend og Skårsroe (Ottadal)	0	2	Ikkje telt
Sjårdalen	84	51	Ikkje telt
Storviksmorkie	5	1	Ikkje telt
Stranden	29	24	Ikkje telt
Synslie – Randsverk	17	21	Ikkje telt
Tolstadåsen	18	22	55
Sierva/Grøna	Ikkje telt	Ikkje telt	26
Skårvangen	Ikkje telt	Ikkje telt	28
Sum:	162	127	109

Som det kjem fram av tabellen så er det mykje hjort, men det varierer kvar den oppheld seg etter når det blir grønt på dyrka mark. Det var ikkje mogleg å telje i Skårvangen og Skjerva/Grøn tidleg i mai på grunn av at vegane ikkje var køyrbare.

Oppsummering:

Dei siste åra har det vore godkjend bestandsplanar som har avvike frå minstearealet. Jamfør forskrift om forvaltning av hjortevilt § 9, kan kommunen ved tildeling av fellingsløyve fråvike minstearealet for jakt på elg, hjort og rådyr med inntil 50 %. Det er denne 50 % regelen som har vore nytta når Vågå kommune har godkjend bestandsplanar dei siste åra. Ettersom 50 % regelen berre skal nyttast som eit unnatak og ikkje som ein regel, ser kommunedirektøren at det er behov for å revidere forskrifter som fastsett minsteareal. Bestanden av elg og hjort er aukande og det er ingenting som tyder på at avskyting vil gå ned. For å unngå å bruke 50 % regelen må difor forskrift om minsteareal for elg og hjort endrast.

Som det kjem fram av statistikken så er det behov for å endra forskrifter. Det er store skilnader innanfor kommunen når det gjeld fordeling av hjort og elg, og kommunen er delt i to årsleveområde. Kommunedirektøren meiner at det framleis er fornuftig å dele kommunen i to område og fastsette ulikt minsteareal for Vågå nord for Otta elv og Vågå sør for Otta elv.

Kommunedirektøren si innstilling:

Det blir med heimel i lov av 29. mai 1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt (viltloven) § 16 og forskrift av 10. februar 2012 om forvaltning av hjorteviltet § 7 og § 8 foreslått følgjande minsteareal i Vågå kommune:

Heile eller delar av kommunen	Elg: Minsteareal i dekar	Hjort: Minsteareal i dekar	Rådyr: Minsteareal i dekar
Vågå nord for Otta elv	2000	2000	2000
Vågå sør for Otta elv	4000	5000	3000

Vågå nord er omfatta av nord og aust for Skjerva til Finna, Finna til Otta elv og Otta elv til Sel grense. Vågå sør er omfatta av areal som ligg sør for Otta elv.

Gjeldande forskrift om adgang til jakt etter elg, hjort og rådyr, Vågå kommune Oppland, vedteken 27.10.2015 blir oppheva.

Endringsforslag blir sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minimum 6 veker frå kunngjeringsdato.

**Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning si behandling av sak 22/2022 i møte den
31.08.2022:**

Behandling

Forslag til vedtak:

Det blir med heimel i lov av 29. mai 1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt (viltloven) § 16 og forskrift av 10. februar 2012 om forvaltning av hjorteviltet § 7 og § 8 foreslått følgjande minsteareal i Vågå kommune:

Arealet på elg og hjort vert sett til 3000 da. pr. dyr i Vågå sør

Samrøystes

Vedtak

Det blir med heimel i lov av 29. mai 1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt (viltloven) § 16 og forskrift av 10. februar 2012 om forvaltning av hjorteviltet § 7 og § 8 foreslått følgjande minsteareal i Vågå kommune:

Heile eller delar av kommunen	Elg: Minsteareal i dekar	Hjort: Minsteareal i dekar	Rådyr: Minsteareal i dekar
Vågå nord for Otta elv	2000	2000	2000
Vågå sør for Otta elv	3000	3000	3000

Vågå nord er omfatta av nord og aust for Skjerva til Finna, Finna til Otta elv og Otta elv til Sel grense.

Vågå sør er omfatta av areal som ligg sør for Otta elv.

Gjeldande forskrift om adgang til jakt etter elg, hjort og rådyr, Vågå kommune Oppland, vedteken 27.10.2015 blir oppheva.

Endringsforslag blir sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minimum 6 veker frå kunngjeringsdato.